


Nytt høgdegrunnlag av kartdata i Øygarden

Øygarden kommune innfører frå 25. juni 2015 eit nytt NN2000 høgdegrunnlag i kartdata



Kart viser genererte Isolinje som gir ein peikepinn på høgdeforskjellen mellom NN1954 og NN2000.

Dei kommunale kartdatabasane som er tilgjengelege for sal gjennom Infoland/Ambita for Øygarden kommune eller via Kartverket, får nye NN2000-høgder frå 25. juni 2015.

NN2000 er eit nytt felles nasjonalt høgdegrunnlag som omfattar alle kommunale og statlege kartdata. Skilnaden mellom NN1954 og NN2000 varierer frå -0,11 -> -0,05 cm i Øygarden kommune.

Det vert ikkje endringar i grunnriss (x- og y-koordinatane) og endringa gjeld heller ikkje historiske eller analoge kart.

Endring av høgdereferanse vil krevje ei omrekning av alle høgdebærande data som gjeld offentlige etatar, planleggjarar, arkitektar, entreprenørar og landmålarar som jobbar i og for Øygarden kommunane.

Det er svært viktig at De som brukar av kommunen sine kartdata, er merksame på denne overgangen og ikkje blandar gamle og nye data med ulik høgdereferanse.

Merking av data

For å unngå mistydingar etter overgangen må kart, teikningar og dataleveransar merkast med korrekt avmerking av høgdereferanse!, for eksempel vil uttrekk av data til ei SOSI-fil etter gjennomføringsdato, alltid kodes med ...VERT-DATUM NN2000 i SOSI-fila sitt hovud. Dersom ein blandar høgdedata frå forskjellige system utan å være klar over det, kan det få store konsekvensar!

Det gamle høgdesystemet

NN1954 er eit over 50 år gammalt høgdesystem med betydelege manglar og svakheiter. NN54 er ikkje korrigert for landheving og endra middelasstand, og dette er ei medverkande årsak til at høgdeavmerkinga avvik frå dagens verkelegheit med -0,11 -> -0,05 cm i Øygarden kommune.

Nytt system-NN2000

Det nye høgdesystemet har fått namnet NN2000 (Normal Null 2000). NN2000 er eit felles nordisk vertikalt referansesystem som vil være stabilt i overskueleg framtid. Nullnivå i NN2000 er representert ved ei referanseflate (geoiden) som harmonerer med middelasstand i referanseåret 2000.

Kvifor nytt høgdesystem?

Vi får eit einsarta homogent høgdesystem for heile landet, med kjent kvalitet, og høgdesystemet stemmer med Terrenget. Referanseramman (fastmerka) må til ei kvar tid være betre enn oppmålingsteknologien. Nøyaktige 3D-data og data frå laserskanning stiller store krav til høgdegrunnlaget.

Meir presis påvising av middelvassnivå er viktig for bygg- og anleggsverksemd nær sjøen.

Høgdena i en GPS referer seg til ellipsoiden. For å måle høgder i NN2000 treng ein høgdereferansemodell (geoidmodell/HREF-modell). HREF2014C_NN2000_EUREF89

Entreprenørar, landmålingsfirma og andre som vil ha tilgang til den nye [HREF høgdereferanse-modellen](#) kan ta kontakt med Kartverket.

Nord- og Midthordland Forskjell NN1954 og NN2000:

Forskjell NN1954 og NN2000		Min-Max endring	Størst endring
1241	Fusa	-0,11 -> -0,07	11
1242	Samnanger	-0,08 -> -0,07	8
1243	Os	-0,14 -> -0,08	14
1244	Austevoll	-0,12 -> -0,08	12
1245	Sund	-0,12 -> -0,09	12
1246	Fjell	-0,10 -> -0,09	10
1247	Askøy	-0,10 -> -0,08	10
1251	Vaksdal	-0,07 -> -0,01	7
1252	Modalen	-0,08 -> 0,04	8
1253	Osterøy	-0,09 -> -0,06	9
1256	Meland	-0,11 -> -0,09	11
1259	Øygarden	-0,11 -> -0,05	11
1260	Radøy	-0,11 -> -0,05	11
1263	Lindås	-0,11 -> -0,06	11
1264	Austrheim	-0,08 -> -0,05	8
1265	Fedje	-0,11 -> -0,05	11
1266	Masfjorden	-0,11 -> -0,03	11

Les meir hos Statens Kartverk:

[meir info om NN2000 og overgangen.](#)

<http://www.kartverket.no/Kart/Geodatasamarbeid/Geovekst/Hoydegrunnlag/>

[Innføring av NN2000 i Sogn og Fjordane og Hordaland](#)

<http://kartverket.no/Posisjonstjenester/>

<http://www.ardal.kommune.no/nytt-hoegdegrunnlag-i-kartdata-i-sogneregionen.5740013-155525.html>